



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

**Innkalling til møte**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 19. oktober 2023  
**Møtetid:** Det sittande soknerådet: Kl. 18.00 (Møterommet)  
Det nye soknerådet: Kl. 19.00 (Storsalen)  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

**Innkalla medlemmar i sittande sokne- og fellesråd (kl. 18.00)**

Eva Beate Nybø, Sissel Kvist, Arne Hjelmås, Svein Løwe, Odd Arve Orten, Anne Beate Storbakk Skeide, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim, Rune Vågøy og Kristian Finn Risung (10).

*Forfall meldast til underteikna.*

**SAKLISTE – sittande SFR**

SR/FR-sak

**SAK 56-23 GODKJENNING AV:**

- A. Innkalling
- B. Referat frå møte 31.08.2023

**Sak 57-23 Godkjenning av kyrkjevalet i Aukra 2023**

**Sak 58-23 Utlysing av kontorstilling**

**Sak 59-23 Kyrkjebladet – avklaring av organisering**

**Sak 60-23 Referatsaker**

**Innkalla medlemmar og varamedlemmar i det nye sokne- og fellesrådet (kl. 19.00)**

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Per Arne Rindarøy, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Gunnar Kolflåth, Knut Oterhals og Kristian Finn Risung.

**Sak 61-23 Konstituering av nytt sokne- og fellesråd**

Aukra 12.10.2023  
Eva Beate Nybø  
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk  
Fung. kyrkjeverje



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

**MØTEREFERAT**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 31. august 2023  
**Møtetid:** 18.40  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

**Desse medlemmane møtte:**

Eva Beate Nybø, Arne Hjelmås, Svein Løwe, Odd Arve Orten, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim, Rune Vågøy og Peder Nedrelid (8)

**Forfall:** Sissel Kvist, Anne Beate Storbakk Skeide og Kristian Finn Risung (3)

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

**Elles møtte:** Sigurd Moltubak

Peder opna med ei betraktning over Ef. 2, 8-10: «For av nåde er de frelste, ved tru. ...» og 2. Kor 4,5.

**Desse sakene blei behandla:**

**SAK 47-23 GODKJENNING AV:**

**C. Innkalling**

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

**D. Referat frå møte 15.06.2023**

Referatet blei godkjent utan merknadar.

**Sak 48-23 Endeleg godkjenning av rekneskapen for Aukra sokn 2022.  
Effektivering av vedtak om disponering av mindreforbruk 2021.**

I samsvar med innstillinga blei det gjort slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra SFR viser til revisors beretning og gjer endeleg vedtak om godkjenning av rekneskapen for 2022.

Aukra SFR vil snarast effektuere vedtaket i sak 26-2022 om disponering av mindreforbruket på kr. 351 673 i 2021. Mindreforbruket leggst til disposisjonsfondet.

**Sak 49-23 Elizabeth S. Søvik: Søknad om permisjon utan løn. U. off., jf. off.lova § 13**

Sigurd Moltubak, som har vore sakshandsamar for denne saka, gjekk detaljert igjennom kommunikasjonen som har vore med søkaren i etterkant av søknaden og samtalar med rådgjevar i KA for å oppklare personlege og formelle forhold i saka.

Etter grundige drøftingar samla SFR seg om følgjande samrøystes

**Vedtak:**

1. Av omsyn til arbeidssituasjonen i soknet finn Aukra SFR ikkje å kunne imøtekomme søknaden om permisjon.
2. SFR vil gå i dialog med søkaren om avslutting av arbeidstilhøvet.

**Sak 50-23 Utlysing av stilling som kyrkjevevje i Aukra sokn**

SFR drøfta ulike sider ved utlysinga, og kom m.a. med følgjande signal og innspel:

- Det må lysast ut ei 100 prosent fast stilling for å få gode søkarar og stabilitet
- Det vedlagte innspelet til utlysingstekst er eit godt utgangspunkt
- Fellerådet står fritt til å definere ønska kvalifikasjonar. Det finst ingen formelle krav til stillings innehavaren sin kompetanse eller yrkesbakgrunn.
- Det er ønskeleg med høgskoleutdanning innan eit relevant fagfelt (minimum 3-årig/bachelor). Viktig å halde fast på profesjonalisering og kvalitet.
- Utlysingsteksten skal godkjennast av SFR, ikkje berre AU.

Etter dette blei det fatta slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra SFR viser til vedtaket i sak 49-23 og vedtek å lyse ut ei 100 prosent fast stilling som kyrkjevevje/dagleg leiar i Aukra sokn.

Administrasjonen får fullmakt til å arbeide vidare med utlysinga av kyrkjevevjestillinga på grunnlag av dei signal og innspel SFR kom med i møtet.

Forslag til utlysingstekst leggst fram for SFR til endeleg godkjenning.

**Sak 51-23 Utlysing av stilling som trusopplærar i Aukra sokn**

SFR drøfta ulike sider ved trusopplærarstillinga og kom med følgjande signal og innspel:

- Trusopplæraren har følgd den vedtekne trusopplæringsplanen så langt som praktisk mogeleg, men responsen har vore svak.
- Etter reglane skal planen berre innehalde punkt-tiltak for ulike aldersgrupper, medan kontinuerlege tiltak som barnegospel og søndagsskole fell utanom. Dette gjer det vanskeleg å tenke heilskapleg om det kyrkjelege barne- og ungdomsarbeidet lokalt.
- Planen bør reviderast i samråd med rådgjevar for undervisning på bispekontoret.

- Det bør lysast ut ei 50 prosent stilling som no, der om lag 40 prosent blir dekt av trusopplæringsmidlar frå bispedømet og resten av egne midlar til konfirmantarbeid og andre tiltak i soknet.
- Utlysingsteksten sendast Trusopplæringsutvalet til uttale og skal endeleg godkjennast av SFR, ikkje berre AU.

Etter dette blei det fatta slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra SFR tek oppseiinga frå trusopplærar Evy Marie Tofte til vitande.

Administrasjonen får fullmakt til å arbeide vidare med utlysinga av stillinga som trusopplærar i Aukra sokn på grunnlag av dei signal og innspel SFR kom med i møtet.

Forslag til utlysingstekst sendast Trusopplæringsutvalet til uttale og leggst fram for SFR til endeleg godkjenning.

**Sak 52-23 Utlysing av stilling som organist/kantor i Aukra sokn**

SFR drøfta ulike sider ved det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet og kom med følgjande signal og innspel:

- Det finst ulike typar kyrkjemusikarar: Kantor, organist, kyrkjelydsmusikar. (Kravet til kantor i Dnk er 4 års kyrkjemusikalsk utdanning. Kravet til organist er 3-årig bachelor i kyrkjemusikk.) SFR vil arbeide vidare med å vurdere ønska innhald og innretning i stillinga saman med noverande kantor.
- For å sikre gode søkarar er det ønskeleg å kunne lyse ut ei 100 prosent stilling.
- Ved førre utlysing godkjente kommunen å lyse ut 100 prosent stilling. Nylege signal frå kommuneadministrasjonen viser at det vil bli vanskeleg å få gjennomslag for meir enn 60 prosent stilling som kyrkjemusikar. Ein bør derfor undersøke om det er mogeleg å få til ei 100 prosent stilling i kombinasjon med den kommunale musikkskolen.

Etter dette blei det fatta slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra SFR tek oppseiinga frå kantor Robert Coates til vitande.

Administrasjonen får fullmakt til å arbeide vidare med utlysinga av stillinga som kantor/organist i Aukra sokn på grunnlag av dei signal og innspel SFR kom med i møtet.

Ein ser det som særleg ønskeleg å kunne lyse ut ei 100 prosent stilling, eventuelt i samarbeid med den kommunale musikkskolen.

Forslag til utlysingstekst leggst fram for SFR til endeleg godkjenning.

**Sak 53-23 Soknerådet som valstyre – gjennomføring av kyrkjevalet 2023**

Peder Nedrelid hadde arbeidd med å skaffe mannskap til valtinget og opteljinga. Han la fram følgjande liste over personar som hadde sagt ja til ulike oppgåver i samband med valet:

Stad	Tid	Namn
Valtinget Julsundet	09.00 – 15.00 15.00 – 20.00	Gunn Berit Hagås og Edith Hollingsholm Sverre Dyrhaug og Inger Sølvi Haugland
Valtinget Gossen	09.00 – 15.00 15.00 – 20.00	Jostein Vengen og Ole Rakvåg Berit Sporsheim og Eli Vengen
Oppteljing på KLH	20.00 –	<u>Leiar</u> : Peder Nedrelid <u>Teljekorps</u> : Kristian Rød d.y., Hanna Korsvik, Anne Kristiansen, Jan Børre Melsæter, Oddrun Arntsen, Kari Benz Høgseth, Turid Tennøy og Nils Solem
Reserver (både til valting og teljing)		Julsundet: Ingebjørg Orvik og Jan Ivar Småsund Gossen: Bjørghild Breivik og Arild Småge

På grunnlag av dette gjorde soknerådet slikt samrøystes

#### **Vedtak:**

Som stemmestyre for Julsundet krins vert oppnemnt Gunn Berit Hagås, Edith Hollingsholm, Sverre Dyrhaug og Inger Sølvi Haugland.

Som stemmestyre for Gossen krins vert oppnemnt Ole Rakvåg, Berit Sporsheim og Eli Vengen.

#### **Sak 54-23**

#### **Orienterings-/drøftingssaker**

##### **Sak 54-1-23 Referat frå AU-møte 27.06.23**

SFR tok referatet til vitande.

##### **Sak 54-2-23 Referat frå AU-møte 17.08.23**

SFR tok referatet til vitande.

##### **Sak 54-3-23 Evy Marie Tofte: Tilsvar på AU-vedtak om ny arbeidstidsordning**

SFR tok svaret til vitande. Etter at trusopplæraren har sagt opp stillinga si frå 1. desember 2023 (jf. sak 51-23), er ikkje saka lenger aktuell.

##### **Sak 54-4-23 Funn av barnekiste i krypten under Aukra kyrkje**

Max Ingar Mørk har vore sakshandsamar for denne saka. Han informerte om at bispekontoret tek seg av vidare saksgang og til slutt vil kome med ei tilråding til SFR, som er mynde i saka (jf. Gravplasslova § 23).

Notatet frå bispedømekontoret var unnateke offentlegheit, men gjennom kyrkjegardskonsulenten hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark blei det gjort klart at Offentleglova ikkje har heimel for slikt unntak. Avisa Vårt land har derfor bede om – og fått – innsyn i notatet. I telefonsamtale med avisa har fung. kyrkjeverje opplyst at ein av respekt for fosteret ikkje ønskjer offentlig merksemd om saka – i alle fall ikkje før ho er konkludert og avslutta. Kva avisa gjer vidare er førebels ukjent.

SFR meinte fylkeskonservatoren burde sjå på funnet og sjekke om avisapapiret i kista kunne bidra til å tidfeste det.

SFR gav elles uttrykk for ulike synspunkt på korleis saka bør løysast.

### **Sak 54-5-23 Orientering om møtet med kommunen 30.08.23**

Leiar i SFR orienterte om møtet med kommunen dagen før. Dei viktigaste sakene gjaldt bemanningssituasjonen, tenesteytingsavtalen og rammene for budsjettet i 2023 og 2024. Deltakarane opplevde møtet som positivt og konstruktivt, der begge partar fekk legge fram sine spesielle synspunkt og ønskje. Møtet følgjast opp med eit arbeidsmøte om budsjettarbeidet 05.09.23.

Kommunen hadde utarbeidd eit fyldig referat som blei lagt fram for SFR og som leggast ved protokollen.

### **Sak 55-23 Eventuelt**

Under eventuelt blei følgjande saker nemnde:

- **Møre bispedøme 40 år.** I sak 44-23 om lokal jubileumsmarkering 16.-17. september i samband med at Møre bispedøme er 40 år, blei det oppnemnt ulike ansvarspersonar og -komitear. Desse må snarast tre i funksjon.
- **Årshjul for soknerådet.** Soknerådsleiar opplever stadig at arrangement som SFR er ansvarleg for kjem brått og uventa på. Til det nye soknerådet bør det utarbeidast eit årshjul som viser kva soknerådet har ansvar for og når.
- **Vedlikehaldstiltak 2024.** Arne Hjelmås tok opp to saker som han hadde snakka med kyrkjegardsarbeidaren om i samband med budsjettet for 2024: Måling av kyrkja og reduksjon av dei store lønnetrea på kyrkjegarden. Kyrkjevevjerene følgjer dette opp.
- **Tidspunkt for gravferder.** Arne Hjelmås nemnde vidare at når alle gravferder i haust må leggast til fredagar, vil 14.30 vere noko seint. Etterarbeidet på kyrkjegarden vil da skje delvis i mørkeret. Han ønska å flytte tidspunkta for gravferd til kl. 10.30 og 13.30. Kyrkjevevjerene følgjer opp dette med staben.
- **Kyrkjebladet.** Peder Nedrelid føreslo at Kyrkjebladet løftar fram dei nye kommunale leiarane etter valet og utfordrar dei på positivisme og velvilje overfor kyrkja.

Aukra 31.08.2023

Eva Beate Nybø  
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk  
Fung. kyrkjevevjerje